

Gåta

På kinolerretet kan Ina og Sam sjå Toni Invento på film.

«Så fint at dei har komme for å sjå den nye oppfinninga mi», seier han.

«Eg har ei gåte til dykk», seier han vidare. «Ein av dykk vil i dag vinne ei utruleg spennande reise. Og samtidig få den nye oppfinninga eg har laga. Den som får oppdraget, må løyse ei gåte.»

Folk i salen er spente på å høyre gåta.

«Gåta er: Når du har meg, kan du dele meg med nokon.

Men om du deler meg, har du meg ikkje lenger. Kva er eg?» Folk i salen tenkjer så det knakar. Ingen greier gåta.

Men Sam greier ho. «Ein løyndom! Den kan du dele med nokon. Men når du gjer det, har du ingen løyndom lenger», roper han.

Svaret er riktig. Sam vil ta med seg Ina og onkel Ola på den spennande reisa. Men kva er den nye oppfinninga til Toni Invento?

To menn kjem inn på scenen med ein rar ting, ein slags stor gullkuppel.

Toni Invento seier: «Det de ser her, kjære venner, er ein tidsmaskin.»



Oppgåver:

Sjå Elevbok 4A side 17.

Gjer oppgåvene 1, 5 og 6.